SAMNANGER KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** **Arbeidsmiljøutvalet**
**Møtedato** **18.02.2019**
**Møtetid:** **Kl. 13:00 - 15:00**
**Møtestad:** **Kommunehuset**

Av 6 medlemmer møtte 4, inkludert varamedlemmer.

| **Medlemmer møtte:** | **Parti:** |
|---|---|
| Charlotte Hageberg | Rådmann |
| Åse Waage Tveit | Hovudverneombod |
| Oddrun Lemme Sandvin | FF |
| Arild Røen | H (utvalsleiar) |

| **Desse medlemene møtte ikkje:** | **Parti:** | **I staden møtte:** | **Parti:** |
|---|---|---|---|
| Øyvind Røen | SP | | |
| Hilde Maraas Aarvik | UF | | |

**Møtenotater:**
Andre som var tilstades på møtet:
- Vegard Kolve - Bedriftshelse1
- Anette Følid - HR leiar

| | |
|---|---|
| **Møteleiar:** | Arild Røen |
| **Møtesekretær:** | Anette Følid |

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, <dato>

| | |
|---|---|
| Arild Røen | Anette Følid |
| utvalsleiar | leiar løn og personal |

Desse sakene vart handsama:

# Sakliste

| Sak nr. | Arkivsak | Sakstittel | Merknad |
|---|---|---|---|
| 001/2019 | 19/186 | Faste saker | |
| 002/2019 | 19/181 | Val av leiar 2019 i arbeidsmiljøutvalet | |
| 003/2019 | 19/181 | Årsrapport 2018 for arbeidsmiljøutvalet | |

# SAKNR. 001/2019: Faste saker

**18.02.2019 Arbeidsmiljøutvalet:**
Handsaming i møtet:
**Godkjenning av innkalling og saksliste:**
Det var ingen merknader til innkallinga eller saksliste.

**Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:**
Protokollen frå førre møte (03.12.18) er ikkje utsendt enno. Anette Følid informera om at denne kjem so snart ho får opplæring i Acos Møte.

**Orienteringssaker:**

Sjukefråvær 2018
Rådmann Charlotte Hageberg informera om sjukefråværet 2018.
2017 - 7,65 %
2018 - 6,68 %
Det er nedgang på 13 %. Ein positiv utvikling i heile organisasjonen.

Det er for lite bruk av eigenmelding ute i einingane. I følge Oddrun Sandvin er det for lite informasjon om bruken av eigenmelding og det er ei misforståing om at ein ikkje vert trudd om ein bruka eigenmelding og ikkje sjukemelding.
HR tek ansvar for å få ut informasjon om bruk av eigenemding og auken av det.

Organisasjonsendring
Rådmann Charlotte Hageberg informera om plan for organisasjonsendring.
Det er ynskjeleg å fjerna sektorleiarleddet og oppretta ei rådgjevargruppa med Jan Erik Boge som leiar.
Rådgjevarane skal ha fagansvaret for sine områder og einingsleiarane skal ha budsjett- og personalansvar.

Det er og eit ynskje om å slå saman NAV, sørvissenterert og kulturavdelinga, til ei avdeling.
Anette Følid kommenterte at ho ikkje er heilt einig i den løysinga, men har ikkje noko betre forslag.

Avviksrapport
Rådmannen fekk ikkje avvikssystemet til å fungera, men lovar at det skal koma statestikk til neste møte. Informera om at det i januar kun var 2 avvik som ikkje var lukka.
Det skrives fortsatt for lite avvik. Avvik skal tas opp på personalmøter og det må bli gitt opplæring til dei som treng det.
Det kjøpes inn PC-ar slik at alle har høve til å melda avvik.

# Statistikkrapport for 01.01.2019 til 20.02.2019

| | |
|---|---|
| **Generert** | 20.02.2019 |

| **Gjelder for periode** | |
|---|---|
| Fra | 01.01.2019 |
| Til | 20.02.2019 |

| **Status på avvik innmeldt i perioden per i dag** | |
|---|---|
| Åpne i dag | 10 |
| Lukket i dag | 53 |
| Gj.sn. behandlingstid per i dag | 3d:8h:8m |

| **Avvik gruppert på status** | |
|---|---|
| Alle avvik | 74 |
| Innmeldte avvik | 63 |
| Lukkede avvik | 64 |
| Forfalte avvik | 0 |

| **Avvik gruppert på innmeldt alvorlighetsgrad** | |
|---|---|
| Lite alvorlig | 7 |
| Alvorlig | 42 |
| Meget alvorlig | 14 |

| **Endret alvorlighetsgrad** | |
|---|---|
| Økt alvorlighetsgrad | 0 |
| Senket alvorlighetsgrad | 3 |

| **Gjennomsnittlig behandlingstid** | 6d:9h:39m |
|---|---|

| Avvik gruppert på område | |
|---|---|
| Brann og redning | 2 |
| Eiendom | 3 |
| Hjemmetjeneste | 28 |
| HMS | 5 |
| Informasjonssikkerhet | 2 |
| Kultur | 1 |
| Skole | 5 |
| Sykehjem | 19 |

| Avvik gruppert på område og avviktype | |
|---|---|
| Brann og redning - Annet | 2 |
| Eiendom - Helseskadelige forhold ved bygning/eiendom | 1 |
| Eiendom - Manglende sikkerhetstiltak bygning/eiendom | 2 |
| Hjemmetjeneste - Annet | 5 |
| Hjemmetjeneste - Mangelfull opplæring ansatte | 1 |
| Hjemmetjeneste - Medisinering/medikamenthåndtering | 19 |
| Hjemmetjeneste - Personalmangel | 1 |
| Hjemmetjeneste - Teknisk utstyr fungerer ikke/mangel på utstyr | 2 |
| HMS - Annet | 4 |
| HMS - Inneklima | 1 |
| Informasjonssikkerhet - Nedetid på fagsystemer | 2 |
| Kultur - Annet | 1 |
| Skole - Annet | 2 |
| Skole - Mangel på/teknisk utstyr fungerer ikke | 1 |
| Skole - Mangelfull sikring av fysisk miljø | 1 |
| Skole - Personskader (med/uten fravær) | 1 |
| Sykehjem - Annet | 3 |
| Sykehjem - Avvik fra behandlingsprosedyre | 3 |
| Sykehjem - Bruk av tvang (der det ikke foreligger vedtak) | 1 |
| Sykehjem - Medisinering/medikamenthåndtering | 6 |
| Sykehjem - Teknisk utstyr fungerer ikke/mangel på utstyr | 1 |
| Sykehjem - Voldstilfeller fra pasienter ovenfor ansatte/andre pasienter | 5 |

Konfliktsak
Rådmannen informera kort om saka. Det har i 2017 vore gjort ein forundersøking av Bedriftshelse1. Den konkludera med at det er ein konflikt, men at den ikkje nødvendigvis bryter med arbeidsmiljølova.
Rådmannen er bekymra for arbeidsmiljøet og saka vert tatt på alvor og jobbast med kontinuerleg.

AMU ynskjer ekstraordinært møte vedr. saka dersom det vert behov for det.

Informasjon frå bedriftshelsetenesta
Anette Følid informera om at avtalen mellom Bedriftshelse1 og Samnanger kommune gjekk ut 31.01.19. Det skal ut på anbod, men det er ikkje klart enno. Inntil vidare er det avtale mellom kommunen og Bedriftshelse1 om å vidareføra avtalen i 3 mnd., ut april 2019.

**Utvalets kvarter:**

Val av verneombod
Åse Tveit informera om valet. Åse er valt for 2 nye år som hovudverneombod, og Svein Tore Kulleseid er vara.

HMS-plan og årsplan for 2019
Vegard Kolve frå Bedriftshelse1 lurer på om AMU har nokre tankar om årsplan og HMS-plan no når me har mellombels avtale med Bedriftshelse1. Kvar avdeling skal ha eigen HMS-plan og samarbeidsplan.
AMU tenkjer at me revidera årsplanen frå 2018 og kallar deretter inn Bedriftshelse1 til møte om ny plan for 2019. AMU ynskjer og at Bedriftshelse1 kjem på leiarforum og informera om kva deira rolle er.
Det skal og vera møte med bedriftshelsetenesta i alle einingane.

Vegard vil også informera om at kontaktpersonen vår i bedriftshelsetenesta ikkje skal brukast som ein konflikthåndterar. Den skal vera der for alle og koma med råd og rettleiing, skal ikkje blir dratt inn i personalsaker.

Byggjesøknader og planer i AMU
Vegard Kolve informera om at AMU er plikta til å ta opp byggjesaker i kommunen der tilsette i kommunen skal jobba.
AMU skal gå gjennom arbeidsmiljøet, planteikningar og byggjesøknadar.
Alternativt er å oppretta eit "Byggeutval" som eit underutvalt til AMU, som tek seg av desse sakene.

Tips til AMU er å kjøpe "grønn" AMU bok.

**AMU- 001/2019 Vedtak:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## SAKNR. 002/2019: Val av leiar 2019 i arbeidsmiljøutvalet

**18.02.2019 Arbeidsmiljøutvalet:**
Handsaming i møtet:
Arbeidstakarrepresentantane i arbeidsmiljøutvalet valde samrøystes hovudverneombod Åse W. Tveit til leiar for 2019.

**AMU- 002/2019 Vedtak:**
Hovudverneombod Åse Waage Tveit vert leiar i arbeidsmiljøutvalet 2019.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

## SAKNR. 003/2019: Årsrapport 2018 for arbeidsmiljøutvalet

**18.02.2019 Arbeidsmiljøutvalet:**
Handsaming i møtet:
Ynskjer å utheva den positive utviklinga rundt sjukefråværet og avvikssystemet.
Arild Røen ynskjer at AMU fortset med å ha møter ute i einingane, og ikkje på kommunehuset.
Samrøystes vedteke med merknadar gitt i møtet.

**AMU- 003/2019 Vedtak:**

**FRAMLEGG TIL ÅRSRAPPORT FRÅ ARBEIDSMILJØUTVALET**
**I SAMNANGER KOMMUNE 2018**

| **1.** | FAKTA OM UTVALET | |
|---|---|---|
| | Medlemmer med stemmerett | 6 |
| | Andre med møterett | · Representant frå Bedriftshelse1<br>· Sekretær (rådgjevar til og med møte nr. 3/2018, leiar løn/personal frå og med møte nr. 4/2018). |
| | Formannsverv 2018 | Arbeidsgjevarsida (Arild Røen) |
| | Tal møte i 2018 | 4 |

| **2.** | UTVALET SITT ARBEID I 2018 | |
|---|---|---|
| | Det var ingen utskiftingar av faste representantar i AMU i 2018.<br><br>Faste representantar i AMU i heile 2018 var:<br>· Arild Røen (leiar - folkevald – H)<br>· Øyvind Røen (folkevald – Sp)<br>· Charlotte Hageberg (rådmann)<br>· Åse Waage Tveit (hovudverneombod)<br>· Oddrun Lemme Sandvin, (Fagforbundet)<br>· Hilde Maraas Aarvik (Utdanningsforbundet)<br><br>AMU hadde totalt 7 saker oppe til behandling på møta i 2018 (i tillegg til faste saker som godkjenning av møteinnkalling etc). I tillegg har ulike forhold relatert til arbeidsmiljø vorte tatt opp til informasjon/diskusjon under "Orienteringar/meldingar". | |
| | Arbeid og oppgåver etter § 7-2 i Arbeidsmiljølova | a. Val av leiar i AMU 2018 (gjort i møte 19.02.2018).<br>b. **Gjennomgang av sjukefråværsstatistikk (sak 4, 7, 9 og 12/2018).**<br>c. Reetablering av varslingsgruppa og revisjon av varslingsrutinar (sak 5/2018).<br>d. Vurdering om innføring av lokale arbeidsmiljøutval (sak 10/2018).<br>e. Uttale frå arbeidsmiljøutvalet til framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2021 (sak 13/2018)<br>f. AMU har i 2018 gått gjennom og diskutert ulike tema/skriv/ meldingar knytt til arbeidsmiljø, helse, miljø og tryggleik, mellom anna:<br>· Val av hovudverneombod<br>· **Avviksmeldingar – diskusjon og informasjon om kommunen sitt avvikssystem** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | · Spørsmål om arbeidsmiljøutval/samarbeidsmøte i større einingar<br>· Orientering frå bedriftshelsetenesta om årsmøteplan og arbeidet deira for kommunen<br>· Orientering om arbeidssituasjonen på kommunehuset<br>· Orientering om arbeidssituasjonen på sjukeheimen<br>· Orientering om elektronisk avvikssystem<br>· Orientering om vurdering om endringar i IKT-driftsform<br>· Orientering om status for bygging av nytt bufellesskap<br>· Orientering om status for arbeidet med revisjon av varslingrutinar<br>· Orientering frå bedriftshelsetenesta<br>· Orientering om elektronisk avviksystem for tilsette - status<br>· Orientering om status for arbeidet med overføring av kommunen si IKT-drift til IKT Nordhordland (IKTNH)<br>· Orientering om status for prosjektet med bygging av nytt bufellesskap på Skottabakken<br>· Orientering om status for arbeidet med revisjon av varslingsrutinar<br>· Orientering om arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022<br>· Informasjon om kampanje om kartlegging av risiko for vald og truslar<br>· Orientering om medarbeiderundersøking<br>· Orientering om brukarundersøkingar<br>· Informasjon frå bedriftshelsetenesta<br>· Orientering om avviksmeldingar<br>· Status byggeprosjekt nytt bufellesskap på Skottabakken<br>· Orientering om konsulentrapport etter gjennomgang av kommunale tenester i Samnanger Kommune Orinetering om møteoffentlegheit i arbeidsmiljøutvalet<br>· Orientering om sak som må utsetjast til neste møte |

| **3.** | HANDLINGSPROGRAM FOR HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK |
|---|---|
| | Opplysningar om kommunen sitt HMT-system (inkludert arbeid med handlingsplanar i einingane) er teke inn i HMT-handboka m/vedlegg. |

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Rådmannen sitt framlegg til årsrapport 2018 for arbeidmiljøutvalet vert vedteke.